



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Klepp sokneråd**

Kleppevarden 2  
Postboks 101  
4358 KLEPPE  
[klepp.sokneraad@klepp-kirken.no](mailto:klepp.sokneraad@klepp-kirken.no)  
[www.kleppkyrkje.no](http://www.kleppkyrkje.no)  
Kontonr. 3290.07.71265  
Org.nr. 976 993 551

**Møtebok.**

Frå kl 19:30 til 22:00 Møtedato: 01.06.2016

Frå saksnummer: 35/16 Til saksnummer: 42/16	Møtestad: Menighetssalen
Av utvalet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:	
Medlemmer:	Maria Friestad Bergseth Sikkeland (leiar) Ivar Slettebø (nestleiar) Andreas Haarr (sokneprest) Inger Vassel Myrstad Tor Henrik Nesse Magne Gjesteland Anne Mari Tjåland Tengesdal Magnus Friestad Bjørkavoll-Bergseth Derek Cooper
Vara medlemmer:	Inger Christine Roth Jakobsen (1.vara)
Andre:	Ingunn D Aandal – sekretær
Diverse merknader	Ikkje til stades:

**Sak 35/16 Godkjenning av saksliste og innkalling**

**Vedtak:** Saksliste og innkalling vert godkjent.

**Sak 36/16 Godkjenning av møtebok av 27.04.2016**

**Vedtak:** Møteboka av 27.04.2016 vert godkjent.

**Sak 37/16 Orienteringssaker**

- a) Skriv frå biskopen «Rom for ulike syn»  
Samtale om vedtak frå kyrkjemøtet. Viktig å respektera at folk har ulikt syn.
- b) Informasjon frå rådsleiarsamling  
Leiar og nestleiar har vert på rådsleiarsamling og informerte om dette.
- c) Møte med Klepp stasjon kyrkjelyd  
Det har vert møte mellom styringsgruppa, repr frå soknerådet, kyrkjevevje og prost. Leiar for styringsgruppa har meldt seg ut at Den norske kyrkja og må difor trekkja seg som leiar. Det vert ekstraordinært møte 7. juni for å velja ny leiar. Det var snakka om kva som vert soknerådet si rolle dersom ein ikkje får ny leiar.
- d) Felles opprop ang vigselstriden  
Soknerådet var invitert til eit møte om eit felles opprop, men valte å trekkja seg frå dette.

**Sak 38/16 Strategiplan**

Soknerådet arbeidde med del 1 av planen på dette møtet. Vi tar opp att strategiplanen til hausten fordi diakoniplanen og plan for kyrkjemusikalsk arbeid ikkje er klar ennå. Soknerådsleiar vil og ha møte med staben om handlingsplanen.

**Sak 39/16 Offerlista hausten 2016**

**Vedtak:** Framlagt forslag til offerliste for hausten 2016 vert godkjent med følgande korrigerings: Speidarane skal ha offer den dagen dei vert med på gudstenesta. Eit offer til kyrkjelydsarbeid går ut i samband med dette

**Sak 40/16 Evaluering konfirmasjonsgudstenestene**

Det var flotte konfirmantar og mykje folk på gudstenestene.

Det er svært viktig at informasjonen som skal til dei som styrer prosjektor vert sendt tidlig, og at dette er komplett. Ein bør ha like gudstenester slik at ein kan laga til ein gong for alle konfirmasjonsgudstenestene.

**Sak 41/16 Søknad om fritak frå soknerådet**

Det er kome søknad frå Derek Cooper om fritak frå soknerådet for skuleåret 2016/2017. Han skal flytte for å gå på skule.

**Vedtak:** Søknaden vert innvilga. På grunn av dette så går Inger Christine Roth Jacobsen inn som fast medlem. Hans Theis vert 1. vara og møter fast på møta og Tove-Rudi Tobiassen vert 2. vara og møter dersom nokre av dei faste medlemmane melder forfall. Ingrid Mauritzen vert 3. vara og Jon Magnar Skårland 4. vara.

**Sak 42/16    Ymse**

- a) Konsert 29.mai var ei fin oppleving. Elevar frå kulturskulen hadde fått gratisbilletter.
- b) Det er kome ekstra vedlikehaldsmidlar til Klepp kommune. Det er søkt rådmannen om midlar til å få malt kyrkja.
- c) Nordsjørippet: har 80 frivillige – treng fleire som kan vere med.
- d) 19. juni kjem det Magne Mølster som er misjonær i Estland og fortel om arbeidet der.
- e) Kåre Horpestad har sin siste arbeidsdag som kyrkjetenar 12. juni. Leiar takkar han for innsatsen.
- f) Medarbeidarfest. Det vert jobba med dato og stad for dette. Sekretær sender ut melding når dette er klart.

Ref Ingunn D Aandal  
Sekretær